

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad
 Postboks 1

6741 SELJE

Foreløpig svar - Klage på vedtak

Vi viser til klage på vedtak datert den 27.09.16

Klagen syner til to punkt i grunngevinga frå fylkesdirektøren. Punkta omhandlar mangelfull rapport og rekneskap, og at stiftinga stod utan dagleg leiar på tidspunktet for vedtak. Klagar syner og til eit tredje punkt som viser til at det ville vere uheldig og lite tenleg at produktvilkingsarbeidet stoppar midt i prosessen.

I vurderinga av søknad som vart sendt over til Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad, står det at fylkesdirektøren i samtalar med innovasjon Norge er blitt informert om at dei har tildelt stiftinga eit tilskot til forprosjekt. Stiftinga har fått utsetjing for sluttrapportering for forprosjektet. Dette, saman med at stiftinga står utan dagleg leiar, gjer at fylkesdirektøren meiner det kan bli utfordrande for stiftinga å starte opp nye prosjekt per dags dato. Fylkesdirektøren si avgjerd seier og at det er hard konkurranse om årets tildeling av infrastrukturmidlar, og søknaden frå stiftinga difor ikkje når opp.

Ved klage på vedtak knytt til midlar sett av til infrastruktur i reiselivet er prosedyren følgjande:

Klagen skal handsamast på nytt av næringsavdelinga ved Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom vi endrar innstilling er saka ferdig vi sender tilsegnsbrev. Dersom vi held på vår primære innstilling, går saka først til hovudutval for næring og kultur. Dersom dei stør oss og klagar vil halde på si klage, går saka til fylkesutvalet som klageorgan. Sakshandsaminga blir då overteken av fylkesrådmannen.

Det kan difor ta noko tid før de får endeleg svar på dykkar klage.

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Jan Heggheim
 Fylkesdirektør for næring

Mats Hoel Johannessen
 rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad Postboks 1 6741 SELJE

Kopi til: